# DAGANE

TEKST: Hilde Myklebust
ILLUSTRASJONAR: Martine Grande

*Veka har så mange små*
*Ho er mor til mange dagar*
*Heile sju å passe på:*



**Måndagen** er eldstemann
Dukkar opp som troll frå øskje
Ingen brøler slik som han

**Tysdag** ho er mild og fin
Blyg som snøklokka om våren
der ho veks i hagen din

**Onsdag** er ein virvelvind
Spring rundt som ein galen okse
overalt frå fjord til tind

**Torsdag** smyg seg som ein katt
Listar seg på mjuke føter
Går helst ut når det er natt



**Fredag** sprudlar som ein brus
Han er full av liv og latter
Alle vil ha han i hus

**Laurdag** har eit hav av tid
Ruslar rundt og ser på fuglar
Alltid fredeleg og blid

**Søndag** er litt lat og treg
Sniglar seg i sniglehuset,
men vil ha besøk av deg!



